



Sæbø skule

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/1403 - 16/10204

Saksbehandlar:  
Lisbeth Toppe Alvær  
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:  
15.08.2016

## Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - fleirbruksanlegg for ballspel ved Sæbø skule

Me har mottatt brev datert 12. august 2016 med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for fleirbruksområde for ballspel ved Sæbø skule.

Me har vurdert planane og godkjenner desse med følgjande merknader:

- Anlegget er ikkje omtalt i *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026* for Radøy kommune. Då anlegget er eit nærmiljøanlegg som er kostnadsrekna til mindre enn 600 000 er dette ikkje eit krav for å søkja spelemidlar. Tiltaket er eit leidd i oppgraderinga av skuleplassen ved Sæbø skule, som kommunestyret har løyvd midlar til gjennom budsjettet.
- Det er gjort greie for at tilkomsten frå skuleplassen til bana skal skje gjennom ein to meter brei grusveg. Det er ein føresetnad for godkjenninga at tilkomsten mellom skuleplassen og bana skal vera trinnfri og utan andre fysiske hinder for t.d. rullestolar, og at anlegget i seg sjølv skal vera universelt utforma. Det bør brukast ein type grus som gjev eit fast dekke, eller asfalt.
- Det kan gjevast inntil 50 % tilskot til nærmiljøanlegg gjennom spelemiddelordninga. Dette er ikkje med i finansieringsplanen, men me legg til grunn at det i finansieringa er tenkt 50 % spelemidlar og 50 % eigenfinansiering.

Lyssetjing er ikkje eit krav for nærmiljøanlegg, men for å sikra god brukskvalitet, bør dette vurderast.

Eitt sett med planar vert returnert med godkjenningsstempel.

Skulle planane verta endra, må nye, oppdaterte planar sendast over for ny førehandsgodkjenning. Godkjenninga gjeld for to år. Det kan søkast om forlenging.

Det er eit krav at idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning ligg føre før byggearbeida vert sett i gang. Førehandsgodkjenninga gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
kommunalsjef drift og forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Sæbø skule